

Førde, 06.03.2015

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til bygging av Stølselva kraftverk i Førde kommune.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 19.11.2014 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har lasta ned via nettet. Fråsega vår er mellom anna basert på søknaden, info henta via nettet og samtaler med lokalkjende.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Stølselva kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

Om friluftsliv i området:

Punkt 3.12 på side 33 i konsesjonssøknaden gir ei kortfatta, men heilt OK omtale av friluftslivet i området. Området er viktig for friluftsliv, og særleg turen til Sandegga er ein flott tur! Indre Sunnfjord Turlag arrangerer årlege fellesturar dit, og i tillegg er det ein del uorganiserte turar.

Utbygginga vil heilt klårt vere i konflikt med friluftsinteressene. På den andre sida går den nye 420 kV-linja tvers gjennom området. Den vil nok her heilt sikkert opplevast som eit større inngrep enn kraftutbygginga. Med bakgrunn i det, vil vi ikkje overdrive det tilleggsinngrepet som kraftutbygginga representerer. Det er nok lettare ”å leve med” kraftutbygginga enn med linja i dette området.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Slukevneintervallet i kraftstasjonen er mellom maksimum 188,9% og minimum 20%, noko som er ei nokså normal vassutnytting i dag. Minstevassføringa på 20 l/s er låg!

2.2 Inntak: Vi har ikkje spesielle merknader. Det er viktig å ta vare på den skogen som hindrar/ reduserer innsyn til inntaket. Slik vi forstår konsesjonssøknaden, er inntaksområdet lite synleg frå eksisterande vegar og stiar i dag, og det må leggast vekt på at det blir slik i framtida og.

2.2 Røyrgate: Vi har ikkje spesielle merknader.

2.2 Kraftstasjonen: Vi ser at det vil bli lagt vekt på god støydemping, og det er bra! Kraftstasjonen er tenkt plassert ved øvre del av ei elvestrekning som er eit viktig gyteområde for auren i Åsvatnet. Med tanke på dette, ber vi NVE vurdere trøngan for omløpsventil i kraftstasjonen. Ettersom vi ikkje har vore på synfaring med tanke på å vurdere spesielt den aktuelle delen av elvelaupet, veit vi for lite til å ha grunnlag for å sette fram ”krav” om omløpsventil. Så vi avgrensar oss til å ”krevje” at spørsmålet vert vurdert. Det vil vere naturleg å sjå på dette i samband med NVE si sluttsynfaring.



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14

2.2 Vegbygging: Det er gledeleg at anleggsvegen langs røyrgatetraseen skal fjernast etter utbygginga, slik at det berre blir den i dag eksisterande vegen som vert brukt som tilkomst til inntaket. Sjølv om avstikkaren til inntaket berre er 40 m lang, vil vi sjå det som positivt om den vert omgjort til køyresterkt terrenget etter at utbygginga er ferdig.

2.2 Nettilknyting: Jordkabel fram til eksisterande linje er bra!

2.2.9 Massetak og deponi: Det er viktig at det planlagde massetaket vert istandsett og revegetert når bruken er avslutta. Men dette reknar vi med at NVE vurderer, seinast i samband med godkjenning av detaljplanen.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

3.1 Hydrologi: Tala for 5-persentilar sommar og vinter på side 25 i søknaden stemmer ikkje heilt med dei tilsvarande tala under Punkt 2.1 Hovuddata. Sjølv om avvika er små, går vi ut frå at NVE ber om avklaring av kva som er korrekt.

Den nedste delen av elva er eit viktig gytgeområde (og dermed også oppvekstområde, reknar vi med) for auren i Åsvatnet. For å sikre mattilgangen til auren, ber vi NVE om å vurdere ein auke i minstevassføringa. Vi kan tenkje oss 30 l/s heile året i staden for 20 l/s.

3.4 Raudlisteartar og 3.5 Terristrisk miljø: Vi har ikkje gått grundig inn på desse fagområda, men merkar oss at det er raudlisteartar i området. Vi går ut frå at både andre høyringsinstansar og NVE vurderer naturverdiane og konfliktnivået.

3.6 Akvatisk miljø: Av omsyn til fisken i elva, har vi alt nemnt at vi ber NVE om å vurdere trangen for omløpsventil i kraftstasjonen og ein viss auke i minstevassføringa. Vi har merka oss at grova som kjem inn på kote 295 vil bidra med meir vatn i elva, men i tørre periodar vil dette bidraget bli lite, sjølv om middelvassføringa er bra.

3.8 Landskap og INON: Vi har ikkje spesielle merknader til det som står i søknaden.

3.12 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om dette først i fråsegna.

4 Avbøtande tiltak:

Vi viser til det vi har skrive om omløpsventil og auka minstevassføring tidlegare i fråsegna. Bortsett frå det, har vi ingen merknader.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Det er ein del konflikt mellom Stølselva kraftverk og friluftsinteressene. Vi vurderer det likevel slik at konfliktnivået er innanfor det som er akseptabelt. Vi vil derfor ikkje gå mot utbygginga.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet
Alvar Melvær (sign.)



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14